



Stølsheimen  
verneområdestyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** **Stølsheimen verneområdestyre**  
**Møtestad:** Digitalt møte  
**Dato:** 27.04.2022  
**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møtet vert gjennomført digitalt på Teams.



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 13/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 15/22	Stølsheimen landskapsvernområde - utsetting av basestasjonar for bjøllesystem		2022/4778
ST 16/22	Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - reparasjon av kai		2022/5292

**ST 13/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 14/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	15/22	27.04.2022

## Stølsheimen landskapsvernområde - utsetting av basestasjonar for bjøllesystem


### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Nordhordland og Søre Steinsland beitelag løyve til å sette opp basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Stølsheimen landskapsvernområde. Det kan setjast opp ein basestasjon på kvar av dei 5 avmerkte område på kartet i vedtaket. Områda dette gjeld er Raudberg, Bjørndalseggane, Kvanngrodfjellet, Blåfjellet og Einebærfjellet. Basestasjonane skal plasserast innan for ein radius på 100 meter ut frå punktet på kartet.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Kvar basestasjon kan festast i fjellet med inntil 8 jernboltar på 8 mm i diameter.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Maksimal høgde på mastene skal vera 110 cm over bakken.
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppane for å gjera stasjonane minder ruvande i landskapet.
- Verneområdeforvaltar skal vera med i felt for og vurdera plassering av basestasjonen på Raudberg.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Basestasjonane skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.
- Løyve til utplassering av basestasjonane gjeld fram til 30.06.2023.



Blå sirklar i kartet viser plassering av basestasjonar i landskapsvernområdet

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Tiltaka må i tillegg hentast inn naudsynte avtalar med grunneigarar i området, og avklarast med Vik og Høyanger kommune om tiltaket er søknadspliktig.

## Saksopplysningar


Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Nordhordland og Søre Steinsland beitelag om utsetting av basestasjonar for bjøllesystem i Stølsheimen landskapsvernområde, datert 24.03.2022
- Kart med plassering av basestasjonar, datert 24.03.2022


Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009


Nordhordland og Søre Steinsland beitelag søker om å få sette opp 5 basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til sau i Stølsheimen landskapsvernområde. I tillegg til desse to beitelaga, søker dei på vegne av Beinhelleren, Eksingedalen og Vik beitelag. Alle desse beitelaga har sauer på beite i Stølsheimen. Beiteområde er både innan for og utan for Stølsheimen landskapsvernområde. Det er dårleg mobildekning i dette området. Beitelaga har fått tilbud frå firma Telespor om basestasjonar med bjøllesystem. Bildet under viser kart med Telenor GSM-dekning med Telespor sitt baseforslag. Basestasjonane skal betra mobildekningar for elektroniske bjøller på sauene. Dette vil lette tilsynsarbeidet med sauene, og betre moglegheitene for å få alle sauene heim frå fjellbeite.



Tidlegare system har vore satellitt-basert system for elektronisk sauebjøller. Dette har ein høgare pris både på innkjøp og drift enn det nye systemet med mobil-data og LoRaWan (ein form for Wifi på lågare frekvens).



**Kart med basestasjonar. Kopi frå søknad.**



**Skisse av basestasjon. Kopi får søknad.**



**Bilde av basestasjon. Kopi frå søknad**

Kvar basestasjon inneheld ein boks på ca. 30 cm x 30 cm x 8 cm med 3 antenner på. I tillegg er det ein batteriboks og eit solcellepanel. Solcellepanelet skal vera i drift frå mars til november. Systemet er i dvale om vinteren, og kjem automatisk i drift att når det er nok sol på ettervinteren. Solcellepanelet ligg skrått på bakken, og vil med det gje lite gjenskin frå sollyset. Det er ikkje naudsynt med vedlikehald av stasjonane, med mindre det er feil på basen, batteri eller solcellepanelet. Eventuelt vedlikehald er tenkt gjennomført utan motorisert ferdsel. Årleg tilsyn av stasjonane vert gjennomført i samband med tilsyn av sau i beitesesesongen.

Ved etableringa av basestasjonane er det planlagt å nytte helikopter for frakt av utstyr til dei fem basestasjonane. For å avgrensa helikoptertransport i området, ynskjer beitelaga å



gjennomføra transporten til basestasjonane samtidig med Bergen og Hordaland turlag sin transport til hyttene i dette området i månadsskifte juni-juli. Folk frå beitelaga skal gå til kvar stasjon og montera utstyret etter utstyret er frakta ut med helikopter. Det er ikkje trong for transport for arbeidet med montering av basestasjonane.

## Lovgrunnlaget

*«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske»* jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast. Basestasjonar for bjøllesystem er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter naturmangfaldlova (nml) § 48; *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Føremålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert fjell- og fjordlandskap med lite tekniske inngrep. Samtidig skal området kunne nyttast til landbruk og friluftsliv. Basestasjonar for elektroniske bjøllesystem vil vera eit nyare teknisk inngrep i landskapet, og slike installasjonar er ikkje omtalt eller vurdert i verneplanprosessen, og er ikkje nemnt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Elektroniske sauebjøller er eit nyttig hjelpemiddel i landbruket for å letta arbeidet med tilsyn av sau på utmarksbeite, og det er nyttig i samband med sanking av sau på hausten. Beiting med sau på stølane og i utmarka er positivt for å ta vare på kulturlandskapet, og er med å fremjar verneverdiane. Det må gjerast ei vurdering av om basestasjonane er eit inngrep som kan endra landskapets art eller karakter vesentleg.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen, rapporten *Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde*, og skjøtsel på stølane i området. Alle punkta med planlagde basestasjonar er innanfor Fjellheimen villreinområde. Det er berre basestasjonen på Blåfjellet som ligg utanfor område som er markert som viktige funksjonsområde for villrein. Av raudlista artar er det registrert taksvale i Raudberget (Naturbase 19.04.2022). Raudberg er registrert som naturtype kalkrikt område i fjellet. I Raudberg er det ein relativt stor serpentinførekost, og det er ein velutvikla flora knytt til dette særprega miljøet. Fjellet har ein raudleg farge og gjev området eit særpreg. Det er ikkje registrerte kulturminne i område der basestasjonane er planlagt. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdere denne saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Basestasjonane vil vera nye tekniske inngrep. Dette er små installasjonar som vil vera lite



synlege på avstand, og vil ikkje gje dei store endringane i landskapet. Dei tre nordlegaste stasjonane vil koma innanfor eit område som er markert som inngrepsfritt område (INON). Basestasjonane er relativt små installasjonar, og vert difor ikkje rekna som tyngre installasjon som endrar definisjonen på område som eit inngrepsfritt området.

Løyve til å etablera basestasjonar i dette området vil kunne gje presedens for tilsvarande saker i dette og andre landskapsvernområde. Samtidig er beitedyr i området svært positivt for å halda kulturlandskapet ope, og landbruk er ein aktivitet det skal leggjast til rette for. I nyare verneforskrifter for landskapsvernområde er det reglar som opnar for å gje løyve til å sette opp master for elektroniske sauebjøller. Eit døme er Mørkisdalen landskapsvernområde i Luster kommune. Elektroniske sauebjøller vil vera med å lette arbeidet med tilsyn og sanking av sau på utmarksbeite, og er ein teknologi som vil bli meir brukt framover. Det er difor naturleg å vurdere løyve til dette tiltak også i Stølsheimen landskapsvernområde, så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet eller er negativt for verneverdiane. Med den kunnskapen vi har om villreinen sin bruk av området, vil basestasjonane lite truleg ha negativ verknad på villreinen i området. Andre artar og naturtypar som er registrert i dette området, vil heller ikkje bli særleg påverka av basestasjonane.

Tiltaket vil i liten grad medføra inngrep i landskapet, og vil kunne fjernast utan at det vil vera sår i terrenget. Forvaltar vurderer tiltaket som eit bagatellmessig tiltak som er reversibelt. Ved å plassera basestasjonane slik at dei er lite synleg frå turstiar i området, og med minst mogleg silhuett-verknad, vil dei vera til liten skade for friluftslivet. Basestasjonen på Raudberg ligg nær tursti og på eit særmerkt fjell i dette området. Det er difor ynskjeleg at det vert vurdert andre fjellområde som kan gje mobildekning i dette området i staden for Raudberg. Dersom det ikkje er mogleg å finne alternativ plassering, må plasseringa her vera ekstra godt tilpassa landskapet, og forvaltar ber om å få vera med på plasseringa av denne stasjonen. Etter ei samla vurdering meiner forvaltar basestasjonane ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane, og er ikkje i strid med verneføremålet. På denne bakgrunn vurderer forvaltar det er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gje løyve til tiltaket.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

Basestasjonane som skal etablerast er små og mindre synlege i terrenget enn satellitt-baserte stasjonar. Beitelaga har vurdert kvar stasjonane bør plasserast for å få størst mogleg dekningsområde. Med stor rekkevidde vil det vera bruk for færre basestasjonar. Stasjonane kan monterast manuelt, og krev ikkje motorisert transport utanom ein helikopterlanding med utstyr på kvar stasjon. Vedlikehald og tilsyn kan gjerast til fots av beitelaga. Forvaltar vurderer basestasjonane og plasseringa som godt vurdert, og at det er ein tiltaket er miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Basestasjonane er eit felles tiltak for mange beitelag, og vil vera til nytte for mange grunneigarar med beitedyr i Stølsheimen landskapsvernområde.

### Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til etablering av inntil 5 basestasjonar for elektronisk bjøllesystem i Stølsheimen landskapsvernområde.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	16/22	27.04.2022

## Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - reparasjon av kai

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev eigarane i Finnabotnen, gnr. 67 bnr. 1, 2, 3 og 4, løyve til å utføra reperatur av båtkaien og flytekaien i Finnabotnen. Løyve er gjevne med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjevne med fylgjande vilkår:

- Båtkaien skal byggjast opp att med ein storleik på inntil 4 meter breidde og 7 meter lengde. Dette er om lag same mål som eksisterande kai. Kaien skal ha tredekke. Det skal setjast jernpål i sjøbotn som støtte under tredekke.
- Det kan byggjast ei enkel tretrapp på eine sida av kaien.
- Det kan plukkast lause steinar frå vasskanten til reparasjon av skaden på flytekaia og til reparasjon av fundamentet til båtkaien. Steinane skal plukkast i strandkanten enkelt vis søraust for kaien. Uttak av stein skal ikkje føra til store endringar i strandsona.
- Det skal ikkje plukkast stein frå stranda i den gamle båtstøa på austsida av kaien, eller frå steinmurar i strandkanten.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast. Materialrestar, restar frå den gamle kaien og avfall skal fjernast frå kaien og takast hand om på ein forskriftsmessig måte.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.
- Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyret før arbeidet kan fortsetja.
- Løyve til tiltaket er gyldig til 31.12.2025. Det må søkjast om nytt løyve dersom arbeidet med tiltaket ikkje er starta opp innan denne datoen.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:



- Søknad om rehabilitering av kai for fergeforbindelse og kai for privat flytebrygge, datert 05.04.2022. Eigarar av Finnabotnen gnr. 67 bnr. 1, 2, 3 og 4

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Skjøtselsplan for Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4-2003


Eigarane i Finnabotnen, gnr. 67 bnr. 1, 2, 3 og 4, søker om å få rehabilitera båtkaia og flytekaia i Finnabotnen. Alexander Münster-Dahl, Line Mari Haugland Münster-Dahl, Einar Johan Engvik og Paolo Angel Rivero har undertekna søknaden som eigarar og brukarar av desse eigedomane.

Ferjekaien har i vore i dårleg stand i lengre tid og kan ikkje brukast slik den er. Dei har fått tilbod frå Os Kai AS til rehabilitering av kaien. I søknaden er fylgjande arbeid sett opp:

- Reparasjon av eksisterande kai og sikring av fundamentet med jernstenger. Frå eine hjørna av kaien har det ramla fleire steinar ut i fjorden. Dei vil finna nokon steinar i vasskanten for å fylla inn i dette tomrommet.
- Bygga nytt tredekke i storleik ca. 4 meter x 7 meter (ca. 28 m<sup>2</sup>). Dette er om lag same storleik som tidlegare tredekke og same breidde som fundamentet. Det skal setjast jernpalar i sjøbotn som støtte under tredekke som går 4 meter ut frå brufundamentet. Resultatet er ein kai som vert relativt lik den tidlegare kaien. Dei vil bygga ei lita trapp på eine sida for å gjera det lettare for småbåtar å legge til og gå i land. Dei meiner dette vil vera eit godt tilbod då det ikkje er ander offentlege brygger eller kaiar i Finnabotnen.
- Arbeidet som skal gjerast vert utført frå båt, og det vil ikkje vera trong for å sette gravemaskin eller anna stort utstyr på land.



**Båtkai i Finnabotnen. Kopi frå søknad**



**Skisse av tredekke på båtkai. Kopi frå søknad**

Flytekaien har ein mindre skade på det eine hjørna på eksisterande fundament. Dei vil bruka stein frå vasskanten for å reparera skaden på fundamentet.



Bilde av flytekai med skade. Kopi frå søknad

Søklarane ynskjer å gjennomføra reparasjonsarbeidet på kaiane for å hindra vidare forfall, og for å kunne tilby ferjetransport til Finnabotnen.

### Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast. Større reparasjonsarbeid på kai er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter naturmangfaldlova (nml) § 48; *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*».

Uttak av stein frå strandkanten er det ikkje opning for i verneforskrifta. Dette tiltaket må vurderast etter naturmangfaldlova § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Finnabotnen ligg i Stølsheimen landskapsvernområde i Vik kommune. Det er ikkje vegtilkomst til Finnabotnen, og sjøvegen er einaste tilkomsten til eigedomane. Kai er difor



naudsynt for å kunne koma til gardsbruka og eigedomane i Finnabotnen. Kaien i Finnabotnen er omtalt i skjøtselsplanen for Finnabotnen. Det har vore kai her frå før området vart verna, og i 2002 vart det bygd ny kai. Kaien vart delvis mura med stein som vart teken ut frå tilvist stad i Finnabotnen. Den ytste delen var bygd i tre. Det offentlege gav tilskot til kaien under føresetnad at kaien skulle vera tilgjengeleg for ålmenta. Kaien er no i dårleg stand. Den er delvis øydelagt av isen som ligg på fjorden deler av vinteren. Reparasjonsarbeidet på båtkaia er eit naudsynt arbeid for å betra tilkomsten til Finnabotnen, og det er eit tiltak på eksisterande anlegg. Uttak av stein er avgrensa til reparasjonsarbeidet, og vil gje eit lite inngrep i landskapet. På denne bakgrunn meiner forvaltar det er heimel for å vurdera søknaden etter nml. § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Vanleg vedlikehaldsarbeid er ikkje søknadspiktig etter verneforskrifta. Mindre reparasjonsarbeid på fundamentet på flytekaien vert rekna som vanleg vedlikehaldsarbeid, og er difor ikkje søknadspiktig.

Kunnskapen om natur- og kulturlandskapet i Finnabotnen er henta frå verneplanarbeidet, forvaltningsplanen for Stølsheimen og skjøtselsplan for Finnabotnen. Det er ikkje kjente førekomstar av trua naturtypar eller artar (Naturbase 20.04.2022) nær kaien og i strandsona. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Finnafjorden er einaste område i Stølsheimen landskapsvernområde der heile gardsbruka er innanfor vernegrensa. For å kunne ta vare på kulturlandskapet og bygningane i Finnabotnen er det naudsynt med ein god kai der større båtar kan legge til. Båtselskapet Fjord 1 har rute med stopp i Finnabotnen. Dei har ikkje kunne lagt til kai her på mange år. På eine bruket i Finnabotnen er det gjestehus, og for gjestene her vil det lette tilkomsten dersom det er mogleg å ta ferje til Finnabotnen. Det vil også gjera det enklare med transporten for turristarar som går fjelltur i Stølsheimen og vil gå ned til fjorden i Finnabotnen. Rehabilitering av kaien vil gje liten endring på eksisterande kai. Eit mindre uttak av stein i vasskanten vil ikkje endra landskapet vesentleg. Totalt sett er tiltaket positivt både for skjøtsel av landskapet og bruken av området, og vil ikkje gje auka belastning på området. Forvaltar vurderer at tiltaket ikkje vil vera i strid med verneføremålet, og vil vera positivt for opplevinga av landskapsvernområdet.

Nml. § 11 er ikkje vurdert då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringingar.

Kaien er planlagt rehabilitert slik at den vil få om lag same mål som eksisterande kai. Det vil vera mindre mengder stein det er bruk for til reparasjon av fundamentet. Stein som vert plukka skal ikkje føra til store endringar i landskapet, og skal plukkast enkelt vis i vasskanten søraust for kaien. Det må ikkje plukkast stein frå den gamle båtstøa i stranda aust for kaien. Forvaltar vurderer arbeidsmetoden med bruk av båt til rehabiliteringa som ein god og miljøforsvarleg metode for dette tiltaket jf. nml. § 12. Med denne metoden er det ikkje naudsynt med større maskiner på land, og steinar kan plukkast frå vasskanten frå båten.



**Bildet viser strandsona søraust for kaien i Finnabotnen. Foto Jorunn Vallestad**

Fylkeskommunen påpeikar at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til istandsetting av kaien i Finnabotnen, og henta ut stein frå nærområdet til reparasjon av fundamentet på kaien.